

# Møtereferat

**Til:** Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

**Kopimottakarar:** Elisabeth B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Harald Lindvik, Sven Hove, Oddveig Birkeland, Grete Müller

**Forfall:** Sven Hove, Pål Berger

**Møteleiar:** Linn Bæra, leiar

**Møtedato:** 29.04.2015

**Klokkeslett:** 10.00-15.00

**Møtenr:** 4/15

**Møtestad:** Helse Vest – Forus. Møterom Kjerag

**Arkivref:** -

Saksnr	Emne	Ansvarleg
30/15	<p>Godkjenning av protokoll.</p> <p>Ingen kommentarar.</p> <p>Når det gjeld resymeeet frå fellesmøtet med brukarutvalet i Bergen var det nokre kommentarar både til innhald, og til at det vart nytta saksnummer som i prinsippet kun gjeld saker til brukarutvalet i helse-Bergen. Sekretær for RBU tek kontakt med sekretær for brukarutvalet i helse-Bergen om dette.</p> <p>RBU var svært nøgd med presentasjonen om Nasjonal helse- og sjukehusplan v/Andreas Moan frå HOD.</p>	Linn Bæra
31/15	<p>Godkjenning av innkalling, og melding av eventueltsaker.</p> <p>Innkalling godkjend.</p> <p>2 saker til evetuelst:</p> <p>Sekretær for RBU meldte ein sak om beredskapsplan – høringsrunde</p> <p>Linn Bæra ønskjer å informere kort om Prio2</p>	Linn Bæra
32/15	Orientering om aktuelle styresaker	Linn Bæra

	<p>RBU merka seg særleg sak 045/15 om årsmeldingane frå dei tre Pasient- og brukaromboda i vår region, der det gjennomgåande er ei prosentvis auke av saker som gjeld den kommunale helse- og omsorgstenesta i høve til saker frå spesialisthelsetenesta. RBU meiner dette mellom anna kan vere ei uheldig følgje av Samhandlingsreforma.</p> <p>Leiar av RBU innleia til ein generell diskusjon om Samhandlingsreforma, og RBU vil førebu eit notat om dette til styret i Helse Vest når saka om status for reforma kjem opp i styremøte til hausten.</p> <p><u>Innspel frå diskusjonen:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Viktig å få frem at overgang mellom helsenivåa vert meir systematisk følgt opp, slik at ein unngår avvik, som til dømes underernæring</li> <li>- Kompetanse i kommunane/kompetanseoverføring</li> <li>- Økonomi må ikkje vere styrande for kvaliteten på helsetilbodet</li> <li>- Auka merksemd på korleis avvik rapporterast i overgangssituasjonar, og kven som har ansvar for å handtere avvika</li> </ul> <p>Når det gjeld styresak 046/15 så reagerer RBU på at dei ikkje er på høyringslista i samband med nye utkast til pasientbrev frå helseføretaka med høyringsfrist 20.05.2015.</p> <p>Det blei og kommentert på referatet frå førre styremøte at ikkje deltakar(ar) frå RBU blir notert i lista over dei som var til stades. Sekretær for RBU har meldt frå til sekretær for styret i Helse Vest at det er eit ønskje frå RBU om at deltakarar frå det regionale brukarutvalet og blir ført opp på deltakarlista.</p>	
33/15	<p>Orientering/oppdatering deltaking i prosjekt</p> <p>Orientering om møteverksemd frå det enkelte RBU-medlem. Generelt melder medlemma at dei blir tatt godt i mot i dei ulike gruppene, at dei blir hørt og tatt på alvor.</p> <p>Leiar ønskjer å få aktivitetsrapportar frå RBU-medlemma for å kunne ha oversikt over kva brukarutvalet har delteke på. Ein minner her på at</p>	Linn Bæra

	dette har vore behandla i eit tidlegare RBU-møte. Vedlagte aktivitetslogg skal nyttast til dette.	
34/15	<p>Orientering om saker til interregionalt RBU-møte 6.-7. mai, Gardermoen</p> <p>Gjennomgang av utkast til felles nasjonale retningslinjer for brukarutval. Innspel bringes inn i interregionalt møte. Når det gjeld møtet med statssekretær Erlandsen trekker RBU fram tre saker dei ønskjer å ta opp:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Samarbeidsform med styra</li> <li>2. Når er pasientar utskrivingklare?</li> <li>3. Ventelisteutfordringar</li> </ol>	Linn Bæra
35/15	<p>Orientering om retningslinjer for brukarmedverknad i forskning, vedteke (samrøystes) i styremøte i Helse Vest den 07.04.2015</p> <p>Grete Müller, som deltok frå RBU på dette styremøtet, hadde utarbeida eit notat til styret om denne saka, der ho mellom anna skriv at brukarkunnskap og pasienterfaring representerer ein viktig del av kunnskapsbasert praksis (sjå vedlagte notat frå Grete)</p>	Linn Bæra/Grete Müller
36/15	<p>Orientering om status for pakkeforløp for kreft</p> <p>Pakkeforløp starta opp med dei fire fyrste forløpa den 1.1.2015, ti nye forløp skal starte opp pr. 1.5.2015 og dei siste fjorten hausten 2015. Hovudprioriteringane framover er å få på plass forløpskoordinatorar i heile regionen, samarbeid på tvers av HF-a og korrekt registrering.</p> <p>Det skal óg etablerast Diagnosesentre i alle HF-a. Helse Bergen har allereie starta opp, og Helse Stavanger vil opne i løpet av 2015.</p> <p>(sjå vedlagte presentasjon)</p>	Baard-Christian Schem, fagdir. Helse Vest
37/15	<p>Gjennomgang og konkludering av sak 24 og 25</p> <p>Sak 24/15 <b>Arbeidsutval</b>: RBU har vedteke at utvalet skal bestå av leiar, nestleiar med sekretærbistand frå RHF-et. Arbeidsutvalet kan hente inn fleire ressursar frå RBU, eller delegere saker, ved behov.</p> <p>25/15 <b>Ressursgrupper</b>: skriv frå Linn Bæra, som blei sendt ut på høyring pr. mail innan RBU-møtet, godkjennast. (lagt ved)</p>	Linn Bæra
38/15	Førespurnad til RBU Helse Vest om	Linn Bæra

	<p>brukarrepresentant/observatør i styret til Pasientreiser ANS.</p> <p>Førespurnaden vil bli behandla på interregionalt brukarutvalsmøte den 6.-7. mai 2015. Pasientreiser ANS har om lag fire møter i halvåret.</p>	
39/15	<p>Om kommunikasjon – både utad som brukarrepresentant i arbeids-/prosjektgrupper og internt i RBU. Det var eit samrøystes ønskje om kompetanseheving/påfyll om dette temaet blant RBU-medlemma.</p> <p>Innspel frå diskusjonen om kommunikasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• å styrke vår eigen bruk av språk og kommunikasjon som brukarrepresentant i faglege utval</li> <li>• strategisk språkbruk – å kommunisere på en inviterande måte</li> <li>• kommunikasjonsmerksemd og språkbruk i samband med internt samarbeid i utvalet, slik at alle kjenner seg respektert</li> <li>• mellommenneskeleg kommunikasjon</li> </ul> <p>Leiar og sekretær for RBU undersøker ulike muligheter for å få til eit kurs om kommunikasjon. RBU føreslo å bruke eit ordinært RBU-møte til dette føremålet.</p>	
40/15	<p><u>Eventuelt:</u> Info om prio2-møtet 15.04.2015 v/Linn Bæra:</p> <p>Informasjonsmøte arrangert av Helsedirektoratet for føretaka om Prio 2 – nye prioriteringsrettleiarar. Helsedirektoratet jobbar no med implementering av dei nye prioriteringsrettleiarane, som skal implementerast innan 1. september 2015.</p> <p>Tema i møtet var:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Endringa i lov om pasient- og brukarrettar og prioriteringsforskrifta</li> <li>• Presentasjon av reviderte prioriteringsrettleiar</li> <li>• Tilvisingsrettleiar</li> <li>• Brevmalar</li> <li>• Registrering i PAS-system</li> <li>• Forholdet mellom pakkeforløp og prioriteringsrettleiarane</li> <li>• Korleis sørgjer vi for å følgje krava i</li> </ul>	

	<p>prioriteringsrettleiarane?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sørgje for ansvaret og konsekvensar for dei nye rettleiarane</li> </ul>	
	<p>Sekretær for RBU: Beredskapsplan i HV skal ut på høyring, og RBU ønskjer å stå på høyringslista. Sekretær melder frå om dette til prosjektleiar for planarbeidet.</p>	
	<p>Info om fellessamling den 2. – 3. juni. RBU ønskjer å sende ei bestilling til pasient- og brukaromboda og be dei særleg ta opp korleis dei kan verte meir synlege i kommunane.</p>	

Neste RBU-møte er ei fellessamling for alle brukarutvala i Helse Vest. Samlinga skal vere den 2.-3. juni 2015 på Sola Strandhotell (lunj-til-lunsj møte)